

Fra: Gunhild Raddum (Gunhild.Raddum@hfk.no)

Sendt: 30.07.2015 12:55:03

Til: Jørgen Lillehaug (jorgen.lillehaug@thinking.no); Anette Genius (anette@entertainment.no)

Kopi: Marte Hustveit Hauge; Kjersti Døssland

Emne: Avgjerd - HFK-15-0254 Markering av EMU

Vedlegg: image002.png

Til tilbyderane,

Vi takker Dykk for interessa og deltaking i konkurransen om innkjøp av event-tenester i samband med markeringa av Europeisk mobilitetsveke. Det kom inn to tilbod (Fresh Thinking (FT) og Scandinavian Entertainment Service (SES), og fylkeskommunen vil takke ja til tilbodet frå SES.

Grunngeving:

Konkurransen har vore open for forhandlingar, og i konkurransegrunnlaget er følgjande tildelingskriterium skissert opp:

Tildelingskriterium	Prioritet
Gjennomføringsplan	1
Prissetting av tilbodet	2
Timepris for personar som vert leigd inn i tillegg	3
Kilometerpris for eventuelle køyreoppdrag	4


Gjennomføringsplan har vore den viktigaste faktoren i evalueringa, og begge tilbydarar har gitt gode tilbakemeldingar på korleis dei vil løyse markering av opninga den 16.09 og arrangementet på kollektivdagen den 18.09. Den største skilnaden mellom tilbyderane er korleis dei vil løyse markeringa av «Bilfri dag» den 19.09. SES har lista opp ein rekke aktivitetar, mens FT ikkje kan vise til tilsvarende opplegg. SES har og fleire aktivitetar (som diverse sykkel-aktivitetar og refleksvestverkstad) som i større grad er i tråd med Mobilitetsveka sitt budskap, og skil seg positivt ut på dette. FT har ein bemanning på 7 personer, mens SES stiller med 13 personer denne dagen, i tillegg til produsent og produksjonsassistent. Større bemanning gjev meirverdi for oppdragsgjever og sikrar ein betre gjennomføring av arrangementet.

Prismessig var tilbodet frå FT mest gunstig når det gjeld totalpris og timepriser. Kilometerpris for køyreoppdrag var samsvarande. Totalprisen for SES var kring 15 % høgare, men grunna betre innhald i gjennomføringsplanen meiner vi SES har det beste tilbodet og vi takkar difor ja til dette.

Venleg helsing

Gunhild Raddum
Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga/transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 93 54
www.hordaland.no